

Osterøy Kommune

Borgo 22.05.2023

V/landbrukskontoret

GNR 9 BNR 21 OG GNR 9 BNR 33 I OSTERØY KOMMUNE
SØKNAD OM FUSJON

Gnr 9 bnr 21 er eit lite støttebruk på om lag 15 mål innmark. Det har tidvis vore litt sauehald opp gjennom åra. Dette tok slutt i 2010 og seinare har det berre vorte hausta gras på ein del av eigedomen der det er mogeleg å bruka traktor og andre tunge maskiner.

I si tid vart det skild ut to bustadtomter, gnr 9 bnr 31 og seinare gnr 9 bnr 33.

Bnr 33 var tidlegare eigd av Henry Hannisdal men er no seld til sonen Svein Erik Hannisdal.

I 2015 kjøpte Henry Hannisdal og Kari Hannisdal 9/21 men skal no flytta til ut av kommunen og kan ikke lenger forvalta eigedomen på forsvarleg måte.

Me er samde med Svein Erik om å søkja kommunen om å få slå saman 9/21 og 9/33, t.d. ved å innlemma 9/33 i 9/21.

Dersom dette lar seg gjera, vil me seinare søkja om å skilja ut bustadhuset på 9/21 (Borgo 28) med ei høveleg tomt, jf skisse på kartet. Den bustaden vert då til salgs



Henry Hannisdal

eigar 9/21



Kari Hannisdal

eigar 9/21



Svein Erik Hannisdal

eigar 9/33

Vedlegg
Kartskisse